

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 06.06.2019
FRÅ : Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument
i Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 014/19

STYREMØTE: 13.06.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjent med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise - *revidert i år*
- Fullmaktsmatrise – *revidert i år*
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseie at det er behov for ytterlegare revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument. Endringane i fullmaktsmatrisene er tydeleggjering av praksis og som følge av endra IKT-system (m.a innføring av LIBRA/SAP).

Fakta

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenester og apotek , som utgjer det overordna rammeverket for sjukehusapotek i spesialisthelsetenesta.

I tilknytning til opprettinga av helseføretaket har eigar fastsett vedtekter. Vedtektene for Sjukehusapoteka Vest HF blei sist endra i føretaksmøte 23.02.2017. Vedtektene sitt punkt 5. andre avsnitt, pkt. 2 er føreslege endra etter innspel frå styret (Sak 02416) sjå vedlegg 1. Forslag til endring er frå (sitat); *Drive detaljsalg av legemidler til sykehusenes brukere og ansatte*, til ny tekst (sitat); *Drive detaljsalg av legemidler og andre apotekvarer til sykehusenes brukere og ansatte*. Føretaksmøtet har enno ikkje handsama endringa.

Med bakgrunn i Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar om «Styrearbeid i regionale helseføretak» har Helse Vest utarbeidd rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak» (Vedlegg 2). Rettleiaren rettar seg spesielt mot god rolleforståing og god rolleutøving i styrearbeidet, men er og retta mot samfunnsansvar, krav til etikk og det praktiske styrearbeidet. Rettleiaren er sist oppdatert i 2011.

Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksmøte 12. januar 2016 understreka at spesialisthelsetenesta skal rette seg etter krav og føringar som følgjer av regjeringa si eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014) (ikkje vedlagt her, men kan finnast på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Meld-St-27-20132014/id763968/>

I dokumentet er det gjeve ein omtale av eigarskapspolitikken til Stortinget inkludert prinsippa for leiarløn . «Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel» som framleis er gjeldande (Vedlegg 3).

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at styret i regionalt helseføretak skal fastsette ein instruks for styret og ein instruks for administrerende direktør. På lik linje er det, som eit samarbeid i Helse Vest om hovudinnhald, utarbeid Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 4) og Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 5).

Når det gjeld «Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF» punkt 4.7 femte ledd; «*Administrerende direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikre brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene*», er det viktig å merke at Sjukehusapoteka Vest, avstemt med Helse Vest RHF, ikkje har etablert eige brukarutval, men sikrar relevant brukarmedverknad gjennom å nyttegjere seg regionalt brukarutval og brukarutval knytt til det einskilde sjukehusføretak i regionen.

Det er gjort mindre endringar i «Styrande dokument til Fullmaktsmatrise» (Vedlegg 7) og Fullmaktsmatrise for leiarar på nivå 1, 2 og 3. (Vedlegg 8) sidan sist styret handsama styrande dokument (Sak 01818). Nokre fullmaktsområder er klarare definert, og beløpsgrense for inngåing av avtaler er endra.

Helse Vest reviderte «Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest» (Vedlegg 9) i 2012. Sjukehusapoteka Vest har i si Personalhandbok utfyllande og beskrivande etiske retningslinjer som bygger tett på «Ethiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest». SAV Retningslinjer for Bierverv er tydeleggjort etter handsaming av Riksrevisjonen sin rapport. Føretaket har etiske retningslinjer oppe i formelle fora med tilsette sine representantar ein gong per år sist i FAMU den 23.mai i år, i Samhandlingsmøte 03.05.18. Saka har og vore oppe i SAV leiarmøte den 09.mai i år.

Helse Vest utvikla i 2008 et konsept for internkontroll (vedlegg 10) og retningslinjer for risikostyring i Helse Vest i 2009 (vedlegg11). Retningslinjer for risikostyring har seinare vore revidert fleire gongar og seinast i 2013. SAV legg til grunn desse dokumenta i sin verksemdstyring og ved fastsetning av årlege risikostyringsmål og periodisk rapportering av risikovurdering (per tertial til styret og som del av årleg melding til Helse Vest).

Kommentarar

Fleire av dei ovanfor nemnde styrande dokument er fastlagd av eigar eller i eit samarbeid med eigar/ andre føretak i regionen, og er difor i mindre grad mogeleg for styre å einsidig endre, men dei kan påverkast med innspel/ på førespurnad.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseier at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument en de som er nemnt i saka.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor anbefaler administrasjonen at styret vedtek vidareføring av dei framlagde dokumenta.

Vedlegg

1. Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
3. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
4. Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
5. Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
6. SAV Styringsmodell
7. *Styrande dokument til Fullmaktsmatrise*
8. *Fullmaktsmatrise*
9. Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
10. Konsept for intern kontroll i Helse Vest
11. Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest